

## SAK 10/07 VILJESERKLÆRING

### Saksopplysning

Regionrådet for Hallingdal tok i 1992/1993 initiativ til eit prosjekt for å utgreie event. eit meir forpliktande interkommunalt samarbeid. Prosjektet vart gjennomført av Telemarksforskning, sept. 1993 – juni 1994, med ei eigen styringsgruppe.

Kommunane i Hallingdal handsama rapporten i 1994 og slutta seg til hovudkonklusjonane. Forslag til tiltak var m.a.

- Hallingting med 5 representantar frå kvar kommune
- Viljeserklæring
- Revidering av vedtekter
- Fast sekretariat med dagleg leiar

9.november, 1994 var det fyrste Hallingtinget (alle formannskapa) med m.a. underskriving av viljeserklæring. Vedlagt viljeserklæring som vart underskrive av Hallingtinget, for perioden 2003 – 2007.

I viljeserklæringa §7 står det:

”Regionrådet skal kvart år leggja fram for Hallingtinget og kommunane ein årsrapport for det interkommunale samarbeidet i Hallingdal, med oversyn og evaluering av alle interkommunale tiltak.”

I samband med forvaltningsrevisjon som var gjennomført av Regionrådet i 2007 står det m.a: *”Årsrapport over det interkommunale samarbeidet blir ikke utarbeidet i samsvar med kravet i viljeserklæringen, og dette representerer et brudd med forutsetningene.”*

Og:

*”Kravet i viljeserklæringen er ambisiøst og vil trolig kreve en del ressurser, og Hallingtinget bør vurdere nærmere hvor omfattende en slik årlig rapportering skal være. Kravet omfatter både oversikt over, og evaluering av det interkommunale samarbeidet generelt. Det skilles ikke mellom samarbeid som styres av Regionrådet selv og samarbeid som styres av andre aktører på den regionale arenaen. Slik det interkommunale samarbeidet er organisert i dag styres en betydelig del av Styringsgruppe IKT (personidentisk med Rådmannsutvalget) (prosjektsamarbeid) og vertskommuner (driftsamarbeid). I tillegg forekommer andre former for interkommunalt samarbeid som f.eks virtuelt organisert IKT-drift, innkrevingsamarbeid og Hallingdal Etablerersenter. Regionrådet vil derfor være avhengig av rapportering fra flere aktører for å kunne “sy sammen” en slik årsrapport.”*

Det er og kommentert at:

*”Rådsordfører var ikke oppmerksom på kravet i viljeserklæringen om årsrapport for det interkommunale samarbeidet. Denne rapporten er derfor ikke blitt utarbeidet. Han viste til at rapporten ikke har blitt etterspurt av Hallingtinget, som avga viljeserklæringen, eller av deltakerkommunene. Det siste kan ha sammenheng med at spørreundersøkelsen viser at kommunestyremedlemmer flest ikke er kjent med viljeserklæringen.”*

Regionrådet drøfta i møte 9.10.2007 ordlyd i §7 og foreslår at §7 i viljeserklæring blir endra slik at evaluering berre omfattar dei tiltak Regionrådet har ansvaret for.

### Vurdering

I forhold til §7 i viljeserklæringa vart dette punktet kommentert av dagleg leiar i samband med uttale til høyringsutkast for forvaltningsrevisjon, og det vart sagt:

*”Dette ville vera eit svært omfattande arbeid som Regionrådet tidlegare har drøfta (ikkje i*

*denne perioden, ikkje vedtak) og kom fram til at ikkje skal utførast. Dette punktet burde det vore ei drøfting om i samband med viljeserklæring for denne valperioden. Etter mitt syn vil ei evaluering av alle interkommunale tiltak kvart år vera ein svært omfattande og unødvendig prosess. Det kan vel og stillast spørsmål ved om det er rett at Regionrådet utfører eit slikt arbeid utan at det er vedtektsfesta og/eller avklart i forhold til dei ulike interkommunale tiltaka. Eg vil foreslå at dette punktet blir teke ut av viljeserklæring i den form det står no. Når det gjeld eventuelt interkommunalt samarbeid som Regionrådet har ansvaret må dette sjølvstilt rapporterast.”*

Når det i forvaltningsrevisjon av Regionrådet er gjort eit poeng (*brudd med forutsetningene*) av at §7 i viljeserklæring ikkje er oppfylt, burde nok § 5 og 6 i viljeserklæringa vore kommentert, for å gje eit rett bilete av intensjonane:

**§5. Samarbeidet i Hallingdal skal integrerast og gjerast synleg i kommunal planlegging.**

**§6. Regionrådet for Hallingdal skal, i tillegg til å ha ansvar for sine egne vedtekne satsingsområde, fungera som koordinerande organ for alt interkommunalt samarbeid i regionen. Regionrådet og Hallingtinget skal ha melding om alle slike tiltak.**

Kor godt samarbeidet i Hallingdal blir integrert og synleggjort i kommunal planlegging vil sikkert vera noko varierende, men kan sikkert gjerast betre i mange samanhengar.

Når det gjeld §6 heng den sjølvstilt saman med §7, eller meir korrekt §7 er eit resultat av §6. Regionrådet fungerer ikkje som koordinerande organ for alt interkommunalt samarbeid og det er og tilfeldig kva informasjon Regionrådet får, god informasjon er ofte tovegs.

Etter mitt syn kan det nok stillast spørsmål ved om §6 er godt nok gjennomtenkt, og om Regionrådet kan vera eit koordinerande organ for alt interkommunalt samarbeid, utan at dette er handsama i den ein skilde kommune. Dersom §7 blir endra slik at evaluering berre omfattar dei tiltak Regionrådet har ansvaret for kan det og stillast spørsmål ved om dette punktet heller høyrer heime i vedtektene for Regionrådet.

### **Forslag til vedtak**

Hallingtinget vedtek følgjande endringar i viljeserklæring:

- §6 blir endra til:  
Regionrådet for Hallingdal skal vera orientert om alt interkommunalt samarbeid i regionen. Regionrådet skal ha melding frå kommunane om alle slike tiltak.
- §7 blir endra til:  
Regionrådet skal kvart år leggja fram for Hallingtinget ei oversikt og evaluering av interkommunale samarbeidstiltak som Regionrådet har ansvaret for.

Ål 16.10.2007

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Viljeserklæring 2003 - 2007



## VILJESERKLÆRING

På Hallingtinget 28. november 2003 var kommunane samde om fyljande viljeserklæring for det interkommunale samarbeidet i Hallingdal:

1. Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol kommunar vil utvikla og utvida det interkommunale samarbeidet i Hallingdalsregionen for å utvikla kommunane og sikra innbyggjarane i regionen eit så godt og effektivt tenestetilbod som mogeleg.
2. Samarbeidet skal ha utgangspunkt i “Strategisk plan for Hallingdal” og skal utviklast i og blant alle etatar og sektorar i kommunane.
3. Ved omorganiseringar, effektiviseringstiltak og nytiltak skal interkommunalt samarbeid og samarbeidsløysingar vurderast.

4. Samarbeidstiltak som er vedtekne gjennomført, skal formaliserast.

Med dette meiner ein at:

- det skal fattast formelle politiske og/eller administrative vedtak eller avtalar
- administrativ og politisk styring av samarbeidsordninga skal avklarast
- ansvar for iverksetjing og drift skal avklarast
- økonomiske spørsmål og fordelingar skal avklarast (jfr. hovudregel for slik fordeling i vedtektene til Regionrådet)
- arbeidsfordeling og bruk av personell skal avklarast
- spørsmål om lokalisering av tiltaket skal avklarast

I tillegg skal eventuelle andre tilhøve som er viktige for samarbeidet avklarast. Formaliseringa av samarbeidet skal vera skriftleg.

5. Samarbeidet i Hallingdal skal integrerast og gjerast synleg i kommunal planlegging.
6. Regionrådet for Hallingdal skal, i tillegg til å ha ansvar for sine egne vedtekne satsingsområde, fungera som koordinerande organ for alt interkommunalt samarbeid i regionen. Regionrådet og Hallingtinget skal ha melding om alle slike tiltak.
7. Regionrådet skal kvart år leggja fram for Hallingtinget og kommunane ein årsrapport for det interkommunale samarbeidet i Hallingdal, med oversyn og evaluering av alle interkommunale tiltak.

Hol kommune

Gol kommune

Nes kommune

Ål kommune

Hemsedal kommune

Flå kommune